

HØGSKOLEN I OSLO
OG AKERSHUS

19. OKTOBER 2015

Tilsynelatande nynorskundervisning eller reell opplæring?

Stoda nasjonalt, og eitt lokalt døme frå grunnskolelærarutdanninga ved
HiOA.


Samfunnskonteksten: Norsk med to jamstilte språkformer sidan 1885

Kulturforliket

- Staten offisielt to pråkleg, men ...

Krav om meistring av nynorsk og bokmål i norskfaget i lærarutdanninga frå 1902

- Skriftlig Prøve skal afholdes : 1. I Modersmaal.. Der gives to Opgaver. Elev, som har affattet begge i samme Sprogform (Landsmaal eller Bogmaal) skal dessuden underkaste sig en Prøve i Skriftlig Gjengivelse af et oplæst Stykke eller i at skrive en let Stil af fortællende Indhold i den anden Sprogform. (§23, punkt 1)
 - Lov om lærerskoler og Prøver for lærere og lærerinder i folkeskolen av 18de januar 1902.




Frå 1938 likestilling

Ein ferdig utdanna lærar skal ha kompetanse i skriftleg bokmål og skriftleg nynorsk på same nivå. 1930/38

Utfordring for norskfaget i lærarutdanninga

- Opplæring: Startkompetanse i eit hovudmål – sidemålperspektiv
- Vurdering: Likeverdig skriftleg vurdering i nynorsk og bokmål




Nasjonale premissar

Norsk = nynorsk og bokmål


Likestillingsperspektivet vs. minoritetsspråkperspektivet

Språksikring i eit hovudmåls- og sidemålsperspektiv



Rammeplan: Grunnskulelærarutdanningane frå 2010


«Kandidaten mestrer norsk muntlig, norsk skriftlig både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng».



Følgegruppa for lærarutdanningsreforma 2012


Nynorsk i GLU5-10 for studentar som ikkje har tatt norsk fagkrinsen

- 4 av 19 studiestadar gjorde noko med dette
 - 1. HiØ 30 timars kurs, eigen emneplan, stått eller ikkje stått på vitnemål
 - 2. HiOA har kurs, ulike arbeidskrav, stått eller ikkje stått for å gå vidare i PEL
 - 3. Høgskolen i Telemark har visse arbeidskrav på ulike målformer
 - 4. NLA skriftleg oppgåve i motsett målform
- Om lag halvparten av resten av studiestadane hadde vage planar om å få til nynorskundervisning, resten sa at dei ikkje fekk det til og viste til «manglende kompetanse, manglende vilje – med uttalelser om at «PEL-lærerne protesterte vilt» og «hvorfor må vi ha nynorsk» og «manglende ressurser til å holde kurs»».




Fråsegn frå følgjegruppa 2012

- «Følgegruppen er bekymret for at mange institusjoner ser ut til «å nedprioritere arbeid med en av de to offisielle målformene i norsk GLU5-10 og vil i denne forbindelse vise til at forskriften er juridisk bindende».




Følgjegruppa 2014 om 19 utdanningar

- 6 institusjonar med arbeidskrav om skriftleg nynorsk. (2 i PEL, 1 i matematikk, 2 utan spesifikke fag nemnde. 1 institusjon krev at alle leverer arbeidskrav på nynorsk eitt semester, bokmål det andre.)
- HIB eiga forprøve i nynorsk for studentar som ikkje har valt norsk.
- 2 institusjonar eigne kurs
- 1 institusjon eige seminar
- 5 institusjonar har planar
- 2 andre institusjonar sa noko vagt om dette
- 2 manglande svar



Vurderingar og tilrådingar frå følgjegruppa


- Følgjegruppa vil påpeike at grunnskulelærarar får vitnemål på at dei kan undervise over heile landet, og det er difor svært viktig at alle studentane meistrar krava frå forskrifta og kan nytte både bokmål og nynorsk som profesjonsspråk i møte med elevar og foreldre. Me vil derfor tilrå at alle institusjonane legg opp til pensum, driv opplæring og vurderer nivået til studentane på begge målformer.



Proba 2014 / Utdanningsdirektoratet


Undersøkjing av nynorsk i lærarutdanningane

- Fagplanar
- GLU5-10
- 11 institusjonar hadde krav til nynorsk i fagplanane
- Dei andre nemnde ikkje nynorsk og bokmål i det heile




Proba GLU 5-10: Telefonintervju

- Stor uvisse i administrasjonen kven som evt. skal ta ansvar for dette
- Vurdering: «Analysen viser videre at det er stor usikkerhet om hvordan kompetansen i nynorsk og bokmål skal synliggjøres på vitnemålet. Dersom en skal ha nytte av karakteropplysninger ved for eksempel ansettelse, må disse gi tydelig uttrykk for den kompetansen de representerer og være sammenlignbare på nasjonalt nivå».




HIOA: Kva blir gjort i GLU5-10 for dei som ikkje har norsk i fagkrinsen?

- PEL emne 1- 3
- Gjenstand for felles diskusjonar på kullmøte mellom alle faglærarane
- Samarbeid mellom lærarar i Pel og i norsk
- Det er sett av lærarressursar til arbeid med dette
- Emne 1: Obligatoriske introduksjonsførelesingar: Nynorsk som profesjonskompetanse. Førelesing om literacy
- Obligatorisk kurs i nynorsk formverk og skriving for studentar som ikkje har norsk i fagkrinsen
- Elektronisk prøve i nynorsk formverk, bestått/ikkje bestått
- Tre arbeidskrav i PEL blir skrivne på motsett målform, dette er to korte skriv som skal vere relevante i yrkesutøvinga som presentasjon av lærargjerning og fag. Den tredje teksten er eit fagnotat om eit pedagogisk emne
- Bestått/ikkje bestått



PROBA GLU NORSKFAGET NASJONALT


- Vurderingsformene i nynorsk sjeldan likeverdige med bokmål
- Vanleg med bokmål på skuleeksamen – nynorsk på heimeeksamen



GLU 1-7 30 stp med norsk som obligatorisk fag


- 6 dokumenterer skriftkompetanse i nynorsk og bokmål under prinsipielt like vilkår
- 2 institusjonar har mapper på nynorsk og skuleeksamen på bokmål

- Dei andre institusjonane har ikkje likeverdig vurdering i dei to målformene




PROBA NORSK 2 GLU1-7 30 STP VALT FAG

- Stor valfridom når det gjeld målform, dei fleste har ein skriftleg sluttekksamen og ein munnleg.




PROBA NORSK GLU 5-10 60STP

- 4 institusjonar likeverdig vurdering i nynorsk og bokmål, dei fleste gjer det ikkje



HiOA nynorskmapper i norskfaget 2005–2013, følgjeforskning Synnøve Skjøng og Inger Vederhus Ein modell for andre?

- Utgangssituasjonen, nynorsk minoritet, nynorsk sidemål
- Nynorskmapper, arbeidsmapper og vurderingsmapper
- Tidsperspektivet
- Undervisning
- Respons, student- og lærarrespons
- Læring
- Haldningar
- Lærarkompetanse - modellering



Lære å meistre nynorsk skrift? Forskningsresultat frå 2005–2006


- Respons, seleksjon, refleksjon

Kvantitative data:

- Sluttkompetanse i nynorsk, dokumentert ved hjelp av gradert karakter, for heile kullet. (15 % av alle mappene er vurdert ved hjelp av ekstern sensor. Utvalet er gjort ved hjelp av trekkordning). 48 av mappene vart sensurerte ved bruk av ein ekstern og ein intern sensor. Fem faglærarar var interne sensorar.


Kvalitative vurderingar:

- Refleksjonar om læringsutbytte – basert på elektronisk studieevaluering med fritekstsvar haust og vår, på refleksjonsnotat og på intervju av eit utval studentar, (6 studentar frå 3 klassar).
- Analyse av tekstforandringar (mikro- og makronivå) gjennom fleire tekstversjonar fram mot innlevert fagtekst samanlikna med refleksjonstekst.
- Intervju med norsklærarane/interne sensorar og den eksterne sensoren ved sensuren 2006 (om responstype og vurderingskriterium).



Analyse av omskrivingane frå førsteutkast til endeleg levert tekst samt refleksjonsnotat

- Leksiogrammatikalsk tilnærming (Michael Halliday)
- Betre meistring av det nynorske formverket, regelverket (rettskrivingssystemet, bøyingsmønster og ordval) i eit språk som eit system for å skape mening
- Meiningsskaping i den skriftlege teksten er eit nettverk av samankopla val på mikronivået. Nokre av desse vala må vere strukturelle, dvs. dei er styrt av strukturen eller reglane i det aktuelle språket som skal læra.




Stadfesting av læring og nynorsk skriveutvikling

Høg støtte i skriveutviklinga gjennom presise kommentarar på mikronivå og kritiske overordna sluttkommentarar.

Andre funn:


Problematisk verknad av ros

Samanheng mellom responsmåte og refleksjonsutvikling




Endringar på mikronivå

1. tekst	lærarkommentar	Revidert tekst	Innlevert tekst	Refleksjonsnotat
Særskild	spesielt	spesielt	Spesielt	
Punkter	Inkjekjønnsord, blir ikke bøygd i fleirtal	punkt	Punkt	
rakk opp handa		rakk opp	rakk opp	
matte oppgåver	Bindestrek	matteoppgåve r	matteoppgåve r	
stelte	Stilte	stilte	Stilte	
nød	Nøydde	nøydde	Nøydde	
oppgåvesetet		oppgåvesetet	oppgåvesetet	
belegg		belegg	Belegg	
einerplassen		einerplassen	einerplassen	
man		man	Man	Ein
forskjelleg	Forskjellige	forskjellige	Forskjellige	
materialar	inkjekjønnsbøyi ng	material	Material	
lærar (verb)		lærar	Lærar	Lærer
ein problemstilling		ein problemstilling	ein problemstilling	
forskjellege	NB	forskjellige	Forskjellige	Forskjellig




Endringar på makronivå

Første versjon	Revidert versjon	Innlevert tekst	Vurdering
Ingress	Identisk	Identisk	Identisk
1. avsnitt	Identisk	Identisk	Identisk
2. avsnitt	Identisk	Identisk	Identisk
3. avsnitt	Identisk	Identisk	Identisk
4. avsnitt	Intern stryking i samansett ord, "kjærleik" i staden for "ungdomskjærleika"	Tillegg. To nye setningar. Nytt innhald.	Tillegg. Endring av ideomatisk metafunksjon .
5. avsnitt	Identisk	Identisk	Identisk
6. avsnitt	Identisk	Identisk	Identisk
7. avsnitt	Identisk	Identisk	Identisk
8. avsnitt	Identisk	Identisk	Identisk
9. avsnitt	Identisk	Identisk	Identisk




Nokre førebelse funn

- Alle studentane hadde stor grad av endring og forbetring av tekstane




A-gruppa

- Gjentok ikkje feil som tidlegare var retta
- Retta også feil som ikkje var kommenterte av lærar
- Kvalitative forbetringar på makronivået
- Refleksjonstekstane har varierte, kritiske og sjølvstendige tilnærmingar til lærarkommentarane og refleksjonar om nynorsk språkval, problematisering av eigen skriveprosess, dei legg eit metaperspektiv på refleksjonsteksten.




B-gruppa

- Rettar mykje opp på mikronivå
- Rettar ikkje i stor grad opp manglar som ikkje er kommenterte
- Gjentar ikkje kommenterte feil i refleksjonsnotat
- Endrar på makronivå i samsvar med lærarrespons
- Nøyaktige merknader fører til endringar, generelle merknader ikkje




C-gruppa

- Rettar opp på mikronivå
- Skriv nye feil, systematiserer ikkje
- Positive merknader fører ikkje til tekstutvikling
- Utviklar ikkje teksten sjølvstendig




D-gruppa

- Endrar stort sett mest på mikronivå, ikkje på makronivå
- Rettar opp manglar som blir kommenterte




F-gruppa (E-gruppa finst ikkje)

- Mange feil
- Mange rettingar, berre på mikronivå
- Kombinerer ikkje kommentarar kor ein får råd om å endre både på makro- og mikronivå
- Skriv mange nye feil i refleksjonsnotat




Respons er avgjерande for læringa

- Og tid til å endre tekst



Ein modell?

- Mapper for GLU5-10 for dei som ikkje tar norsk, eit tversgåande emne i nynorsk språk / motsett målform med tre tekstar og nokre studiepoeng?
- Mapper i norskfaget nødvendig læringsmåte?
- Nasjonal delprøve i nynorsk for alle grunnskulelærarstudentar? Ei oppfølging av manglar som er blitt påtalt frå departement og nasjonal følgegruppe? Det er frå i år innført nasjonal delprøve i matematikk for alle grunnskulelærarstudentar for å sikre kunnskapar etter at manglande slike er blitt påvist.
- Evt. nasjonal delprøve i norsk språk, der motsett målform kan vere ein del?



POLITIKK: Kunnskapsdepartementet 10.2. 2015

Statssekretær Birgitte Jordal ber grunnskolelærarinstitusjonane i brev følgje opp nynorskundervisninga hos lærarstudentane 10.2.2015.

Kva skjer? Kva slags svar har departementet fått?

Vil ny rammeplan med masterutdanning gje betre grep?

Kva er departementets vidare oppfølging?

«Handsoffpolitikk»?

«Ei problemstilling som kan reisast, er kor stort handlingsrom handsoffpolitikken gjev for nynorsk som fyrstespråk----. Likebehandlingsordningane må underleggjast kritikk.»

Eli Bjørhusdal: *Mellom nøytralitet og språksikring. Norsk offentlig språkpolitikk 1885–2005*. Det utdanningsvitenskaplege fakultetet, Oslo 2014